



Referat frå møte 26.02.2025, veke 9

Det var 18 frammøtte denne kvelden, inkludert tre ukrainske gjester / potensielle medlemmer – *Julia Favoritova, Anna Fedak og Lucie Nshimiyimana* – sjå biletet.

Etter at president **Eva Solskjær Boxaspen** hadde opna møtet – og fortalt at **Turid Isnes** hadde bursdag 21. februar (vi gratulerer!) – presenterte dei tre gjestene seg. Alle tre kom frå Ukraina i 2022. **Julia Favoritova** arbeider hos *Princess Interiør* og driver i tillegg *Favoritt Art Workshop*. **Anna Fedak** er utdanna grafisk designar. **Lucie Nshimiyimana**, opphavleg frå Rwanda, er utdanna lege og arbeider som medisinsk assistent mens ho ventar på autorisasjon som lege.

Det var tre **Tigris**-innlegg. **Geir Gjørle** hadde vore på vinterferie med familien og opplevd at talet på barnebarn auka frå to til tre der og da! Vi gratulerer! **Rolf Theil** fortalde at han skal få ein pris på *Norsk litteraturfestival* på Lillehammer 2.–8. juni, for omsetjing av ei barnebok til romani og romanes. **Edrund Olaisen** kom med lapp på høgre auge og fortalde at ho tidlegare på dagen var operert for grå stær!

Dagens tema var **Prosjekta våre**, og vi fekk ein grundig og interessant presentasjon av to av dei – *Litauen-prosjektet og Ukraina-prosjektet*.



Dei tre ukrainske gjestene –
 frå høgre *Lucie Nshimiyimana, Anna Fedak og Julia Favoritova*.

Kari Herder Kaggerud tok oss gjennom **Litauen-prosjektet** – *Norge og Litauen – Samarbeid og vennskap gjennom 25 år*. Ho avslutta med ei oppsummering av det imponerende resultatet som er oppnådd gjennom 25 år:

- 60 rotaryklubber fra flere land har deltatt
- Mer enn 15 000 timer frivillig arbeid
- ~22 trailere/busser er sendt, 8 busser gitt som gave
- ~1900 familier har fått støtte
- Verdien av samarbeidet anslått til ~2 mill. €
- Hvitevarer, TV'er, PC'er er kjøpt i Litauen, verdi ~60 000 €
- Støtte til mange barnehjem og institusjoner
- Støtte til studenter
- Mange ulike prosjekter på sykehus, barnehjem, hos private

Espen Hoell presenterte så **Ukraina-prosjektet** – *Hjelp til Ukraina*. Berre 2 dagar etter at Russland gjekk til fullskala invasjon av Ukraina 24. februar 2022, fekk rotaryklubbar på



Sørlandet e-post frå vener i *Rotary Club Lviv International* med bøn om hjelp. Innsamling av midlar og av medisinsk utstyr starta straks, og heile distriktet slutta seg til. Klubbar frå andre norske distrikt blei òg med, og etter få månader var akuttmedisinsk utstyr til ein verdi av meir enn 3 mill. NOK sendt til venene våre i Ukraina og vidareformidla dit behovet var aller størst. Utover hausten same året, etter store øydeleggingar av infrastruktur, blei det eit stort behov for generatorar og aggregat til barnehagar, bomberom og eldresenter. Meir enn 500 generatorar blei sende frå Noreg. Neste steg var dei mobile naudhjelpsklinikkane. Espen fortalde oss i detalj om produksjonen – i Ukraina – av desse klinikkane, og om alt utstyret dei inneheld. Dette kan vi lese meir om her: <https://mobile-clinic.com.ua/>. Til no har over 70 klinikkar blitt leverte til ulike delar av det austlege Ukraina.

Langesund, 3. mars 2025,
Rolf Theil

